

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I AARDALENS VENNER 2017

Stad: Biblioteket i Selje

Dato: 21. mars 2018

Tid: 18.00 - 19.40

Frammøtte: Unni Eltvik Hovden, Atle Nøstdal, Paula Sandnes, Terje Hovden, Ruth Alice Aardal og Wenche Leknesund.

Wenche Leknesund ønske velkommen til møtet.

Saker som vart handsama på årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling

Innkalling til årsmøtet var sendt ut på facebookside for Aardalens Venner. I tillegg var det sendt ut innkalling på e-post til dei medlemmane som styret har adresse til. Det vart også lagt ut innkalling på heimesida.

Ingen merknader, innkallinga samrøystes godkjend.

2. Val av ordstyrar og møteskrivar

Wenche vart vald som ordstyrar og møteskrivar. Samrøystes.

3. Godkjenning av årsmelding frå styret

Terje las årsmeldinga for 2017. Årsmeldinga samrøystes godkjend.

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2017

Terje las opp revisjonsmeldinga og gjekk gjennom resultatrekneskapen.

Totale inntekter for 2017 var kr 4 455,- og totale utgifter kr 844,-.

Behaldning pr. 31.12.2017 var kr 31 387,54.

Rekneskapen vart samrøystes godkjend.


5. Budsjett, kontingent og arbeidet med å vøle kårhuset

Det er ikkje sett opp budsjett for 2018.

Kontingenten vart vedteken uendra for 2018, dvs. kr 100,- for enkeltmedlem, kr 200,- for familie, og kr 500,- for bedrifter.

Aardalens Venner har etter søknad fått eit tilskot på kr 20 000,- frå «Ta eit tak»-aksjonen til vøling av kårhuset. Arbeidet må vere dokumentert utført innan november 2018 for å få utløyst midlane.

Det vart bestemt at Aardalens Venner bør kjøpe inn material til vøling av kårhuset for pengane som står på konto, jf. òg tilskot frå «Ta eit tak»-aksjonen. Om vi får rimelig transport med helikopter vert dette prioritert, elles bør vi prøve å få ut materialer med båt. Arbeidet bør så langt råd er bli utført på dugnad, og eigarane må stå sentralt i dette arbeidet.



6. Framtida til vennelaget, vurdering av oppløysing

Vennelaget har slite dei siste åra både med å få folk til å sitje i styret, og å engasjere seg i arbeidet med Årdalen. I tillegg ynskjer eigarane no å ta Årdalen i auka bruk privat.

På denne bakgrunn vart det bestemt at Aardalens Venner no bør leggest ned. Sidan oppløysing må vedtakast på to etterfølgjande ordinære årsmøter, kan dette etter § 10 i vedtektene først skje i 2019. Om ting endrar seg, kan denne avgjerda likevel bli ombestemt på årsmøtet 2018.

For å hindre at opplysningar og innsamla materiale om Årdalen (jf. heimesida) ikkje går tapt i denne prosessen, kan dei overførast til kulturminneplanen for Selje kommune.

7. Innkomne saker

Ingen innkomne saker til handsaming.

8. Val av styre , valnemnd og revisorar

Styre:

Wenche Leknesund og Per Arne Berge har eitt år att.

Terje Hovden rykkjer opp frå vara til styremedlem for to år.

Atle Nøstdal har sagt ja til eitt år som styremedlem.

Ruth Alice Aardal blir nytt styremedlem for to år (representant for eigarane).

Varamedlemmar:

1 vara: Per Knut Årvik (ny) for 2 år.

2 vara: Rolf Aarsheim (ny) for 1 år.

Valnemnd:

Unni Eltvik Hovden - 1 år att

Revisorar:

Inge Bakke og Håkon Berstad tek begge attval for 1 år.

Wenche Leknesund
referent